



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Kristiansund kommune

Tilsynsdato: 04.11.2015

Rapportdato: 08.01.2016

Innhold

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
2	HOVDINTRYKK	6
3.1	MERKNADER	7
4	VIDARE OPPFØLGING	8

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	19.03.2015 (formøte) 04.11.2015 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Postboks 178, 6501 Kristiansund
Kommunennummer:	1503
Kontaktperson i kommunen:	Torbjørn Sagen
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Mogstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	07.12.2015
Endeleg tilsynsrapport sendt:	08.01.2015

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Kristiansund kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar og det skal førast tilsyn med den ein-skilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2014 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyn i 2014 og 2015.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Helhetlig overordnet ROS-analyse 2015 – Kristiansund kommune	Ikkje datert
2.	Helhetlig overordnet ROS-analyse 2013 – Kristiansund kommune	09.12.2013
3.	Plan for kriseledelse	00.10.2015
4.	Plan for informasjon i krisesituasjoner	00.07.2015
5.	Delplan for skoler i Kristiansund kommune	Ikkje datert
6.	Pårørande og evakueringscenter Kristiansund kommune	Ikkje datert
7.	Testing av SMS-grupper i skolene 24.10.14	15.10.2014
8.	Øvelsesdirektiv: Øvelse «Samhandling»	00.03.2014
9.	Virksomhetsplan for beredskapsarbeidet i Kristiansund kommune 2012 – 2013	18.06.2012
10.	Kommuneplanens arealdel 2009 – 2020 - Høringsutkast	00.04.2010
11.	Kommuneplan for Kristiansund 2008 – 2020 – Samfunnsdelen	30.10.2007

Formøte med Kristiansund kommune vart gjennomført 19.03.2015. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 04.11.2015. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Kjell Neergaard	Ordfører		X	X	X
Arne Ingebrigtsen	Rådmann		X	X	X
Karl Kjetil Skusest	Kommunalsjef	X	X		X
Torbjørn Sagen	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

2 Hovudinstrykk

Både dokumentgjennomgangen og tilsynsbesøket viser at Kristiansund kommune er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap. Alle elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt, godt forankra og godt tilpassa lokale behov.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som er øvd, prøvd og som evaluerer øvingar. Kommunen har rutinar for faste møte i kriseleinga.

Heilskapleg ROS-analyse er revidert i 2015, og skal til politisk sluttbehandling. I ROS analysen er vurdering av behov for befolkningsvarsling tynn, og det er vanskeleg å sette seg inn i sjølve ROS vurderingane slik dokumentet ligg føre. Forbetringspotensialet ligg i mangelen på ei heilskapleg framstilling av sjølve risiko- og sårbarheitsbildet. I hovudrapporten er det mange sider om prosess og rammer, mens sjølve risiko- og sårbarheitsbildet er presentert som ei oppsummering i tre risikomatrisar utan forklaring, og der scenario ikkje er lett å identifisere..

Vi er heilt einige i at analysane av enkelthendingar vert presenterte i vedlegg, men vi trur likevel at hovudrapporten hadde stått seg på å ha nokre sider der det samla risiko- og sårbarheitsbildet hadde blitt presentert og drøfta: Kva hendingar representerer størst risiko, og kvifor gjer dei det? Dette er langt på veg avklart gjennom ROS-analysen, og vi trur at den interesserte lesaren vil forvente å finne dette omtala og grunnlagt i Kristiansund kommune sin heilskaplege ROS-analyse (utan å måtte gå til vedlegga).

Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er forankra på strategisk nivå i planstrategien som del av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Beredskapsplan er gjennomarbeidd og oppfyller alle forskriftskrava. Planen er basert på gamal mal frå fylkesmannen frå 1990-talet, og er moden for full revisjon med utgangpunkt i funn i heilskapleg ROS-analyse.

Kommunen har planar/rutinar for øving og opplæring.

Kommunen bør også vurdere å utarbeide eit overordna styringsdokument som seier noko om korleis kommunen skal arbeide, og arbeider, med samfunnstryggleik og beredskap. Virksomhetsplan for beredskapsarbeidet er eit godt grunnlag for eit slikt overordna styringsdokument.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte **ingen avvik**. Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

To forhold er kommentert som merknad.

3.1 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1

Kommunen bør fullføre det løpet med heilskapleg ROS-analyse, som nesten er ferdig. I dette arbeidet bør risiko og sårbarheits vurderingane gjerast meir tilgjengeleg og lesbar for ålmenta. Vurdering av behovet for befolkningsvarsling bør også kome betre fram. Når dette arbeidet er ferdig bør kommunen revidere beredskapsplanverket basert på ROS-analysen, og rydde bort alt gamalt.

Merknad nr. 2

Kommunen bør vurdere å utarbeide eit oversiktsdokument / styringsdokument som kan fungere som operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Eit slikt dokument vil kunne imøtekomme fleire forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettringspotensial – for eksempel:

- rutinar for faste møte i kriseleiinga og beredskapsrådet
- rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar
- rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar

Virksomhetsplan for beredskapsarbeidet i Kristiansund kommune kan med fordel danne grunnlaget for eit slikt styringsdokument.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen avsluttar tilsynssaka med denne rapporten, men ber Kristiansund kommune om å vurdere forholda som er påpeika som merknad etter tilsynet.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten, kan det formidlast direkte til Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419.